

220

# Norsk grammatik

med

skriveøvingar

aat folkeskulen og til sjølvhjelp

av

Jonas Vellesen



Frieksemplar

Kristiania og Bergen  
F. Beyers forlag  
1891


# Den fyrste bok aat barnet

av

Jonas Velleesen.

80 sider. 45 billeder. Pris 30 øre.

*F. Beyers boghandel, Bergen og Kristiania.*



Smaaborn likar svært godt denne ABC-boki og les henne med stor gleda. Dei vaksne læt ogso væl um boki, og ho er ogso framifraa høveleg baade fyr skule og heim, anten ein seinar e vil bruka Austlids elder ei annor norsk lesebok. Her skal me nemna litt av det, bladi segjer um henne:

»Det er ei ovgild ABC-bok, som her er utkomi. Alle ord og stavingar, som er upsette til fyredøme og øving, er ikkje, som so ofta fyrr, berre ljod utan meining. Det gjeng fram fraa det lettare til det tyngre. Og alt er barnslegt og morosamt, sliksom barnet likar det best. Mange av dei ord, som skal stavast og lesast, er opplyste med gode, smaa bilæte. Eg vil ynskja foreldre og skular og alle, som likar vaart kjære landsmaal til lukka med denne boki. Ho er værd aa brukast alle stader.»

»Kristianiaposten.«

»Daa eg sat og bledde i denne staveboki og skulde skriva ei melding um henne, laut eg uviljande tenkja paa, kor mykjet lettare eg sjølv vilde havt fyr aa læra lesa, um eg hadde aatt slik ei gild bok, den tid eg strævad som hardast med aa stava. Eg tok fram boki hans Austlid ogso; men segja kven av desse tvo er best, kunde eg ikkje, for dei er framifraa baae. Det skulde daa einaste vera, um teikningarne var ein mun finare gjorde i Velleesen bok.

Ja, bøkerne hev me no — so gode, som dei kann faast — no vantar det berre, at dei skal koma aalment i bruk — og det vil og skje no etter den nye skuleloven.«

»Nora.«

# Norsk grammatik

med

skriveøvingar

aat folkeskulen og til sjølvhjelp

av

Jonas Velleesen



Kristiania og Bergen  
F. Beyers forlag  
1891

---

J. D. Beyer's Boktrykkari.

## Innleiding.

Grammatik er maallæra. Det norske maalet er ættad fraa gamallnorsk og vert talat av dei meste her i landet. I ord og vendingar skil det seg fraa det innførde danske bokmaalet; men som maalet i andre land kløyver det seg i bygdarmaal; desse er ulike kvarandre i smaating, men like i det viktigaste. Naar me skriv maalet vaart, lyt me retta oss etter visse reglar, som me skal læra kjenna i denne boki; men naar me les det, bør me so mykje som mogelegt uttala ordi, som dei lyder i vaar eigi bygd.

---

### I. Ljod, stavelsar og ord.

§ 1. Ordi kann ein løysa upp i stavelsar og ein-skilde ljod. Skriveteikni fyr desse ljod kallast bokstavar.

Desse kløyver seg i:

1. Sjøvljod: a aa æ e i o u y ø.
  2. Medljod: b d f g h j k l m n p r s t v.
- Dregne ihop til tviljod er: au ei øy.
- Harde kallast: a aa o u au. Dei tri fyrste vert borne fram paa baktunga, dei tvo sidste paa heile tunga.
- Linde kallast: æ e i y ø ei øy; dei vert borne fram paa framtunga.

§ 2. E i o u y ø hev tvo slags uttale:

1. den tronge (lukte) med same ljod som namnet aat bokstaven. Eks. kne, lett; rim, fritt; stol, rodd; duk, snudd; dyr, bytt; tøma, søtt.
2. den vide (opne) naar e nærmar seg til æ, i til e, o til aa, u til o og y til ø. Eks. kvessa, egg; bil, mitt; skot, odd; klubba, turr; klyv, fyrr. Ø nærmar seg ikkje til nokon, men vert boren fram af ein opnare munn. Eks. øks, bjørk.

§ 3. Naar k og g stend framfyre linde sjøvljod fær dei ein etterljod av j. Um denne j-en ikkje alltid vert skriven, lyt me likavel lesa, som um han stod der. Eks. skip, sky (skjip, skjy).

§ 4. Bokstavarne d og t fell tidt burt i uttalen, naar dei stend i enden. Eks. gard, jord, tid, lagnad, kallad; treet, skoret (-gar, jor, ti, lagna, kalla; tree, skore).

§ 5. Ein stavelse er so mange bokstavar, som ein uttalar med ein gong. I ein stavelse er der alltid ein sjøvljod; men der kann ogso vera ein elder fleire medljod. Sjøvljoden i ein stavelse er:

1 *lang*, naar stavelsen ender med sjøvljod og ein-skild medljod. Eks. taa, fræ, høy; veg, hat, tap, vane.

2. *stutt*, naar stavelsen ender med tvifeld medljod. Eks. vegg, hatt, tapp, granne. Etter nokre stutte sjøvljod set ein ikkje tvifeld medljod. Eks. han, den, ein, eit, um, fram, som.

§ 6. Ifall eit heilt ord ikkje fær rom paa lina, lyt me kløyva det ved enden av ein stavelse, og ved ei slik kløyving kann me retta oss etter uttalen. Eks. sto-va, gol-vet, klok-ka, hau-sten, ø-skja. Er eit ord sett ihop

av tvo elder fleire ord, kløyvest det etter samansetningi. Eks. dals-drag, gran-skog, bjør ke-kvist, Foss-lid-bak-ken. Dei kløyvde stavelsarne vert bundne ihop med bindeteikn (-).

§ 7. Dei eldste ordi kallast rotord. Eks. aaker, vatn, tak, skina, lesa, lang. Av rotordi kjem greinordi. Eks. ækra, mistak, vatna, skin, lesing, langsam.

§ 8. Mange ord kann bøygjast, d. e. skifta form (ham) utan aa verta til andre ord. Ordi bøygjest:

1. naar der vert lagt nye stavelsar til roti elder grunnformi deira. Eks. stol, stolar; bryggjer, brygde.

2. naar sjølve roti skifter ljod. Eks. bonde, bønder; kryp, kraup.

Øving 1. Skriv etter bok! Sjaa fyrst paa det ordet, du skal skriva, og stav det etter boki! Stav det so utan aa sjaa i boki og skriv det! Sjaa so, um det er likt ordet i boki! Er det galet, lyt du retta det strakst. Hald paa, til du lærer aa skriva store stykkje rett!

§ 9. Der er 10 ords slag: 1. namnord. 2. kynsord. 3. gjerningsord. 4. lagord. 5. medord. 6. stadord (varord). 7. talord. 8. høveord. 9. bindeord. 10. utropsord.

## II. Dei 2 sjølvstendige hovudordslag.

§ 10. **Namnord** (substantiv) segjer oss, kva nokot heiter elder er. Eks. Bergen, Hardanger, Harald, gut, dal, fisk, storleik, riding, svevn.

*Eigenamn* kallast det namnordet, som nemner, kva nokot heiter — t. d. Inga, Oslo, Dovre — og *samnamn* det, som nemner, kva nokot er — t. d. bonde, hest, hauk, laks, lesing.

Regel: Med stor fyrebokstav skriv me: 1. eigenamnet. 2. fyrste ordet paa eit stykkje og etter punktum elder prikk (.). 3. etter spyrjeteikn (?) og utrops-

teikn (!), naar desse ender ei meining. Set komma elder strik (,) millom kvart ord, naar ord av same ordslag vert uppreknad!

Øv. 2. Skriv nomn paa ting, som finnest i skulestova, i hus heime, ut i garden, paa marki, i skogen, i baaten, i skipet og paa himmelen!

Øv. 3. Skriv nomn paa dyr, fuglar og fiskar!

Øv. 4. Skriv nomn paa aastider, maanar og dagar!

Øv. 5. Skriv nomni paa skulekameratarne dine og paa andre kjende folk!

Øv. 6. Skriv nomn paa menner og kvinnor av bibel-, kyrkje-, Noregs- og heimsoga!

Øv. 7. Skriv nomn paa gardar, husmannsplassar, bygder, byar, land, fjell, dalar, slettor, elvar, votn, fjordar!

Øv. 8. Skriv namnord, som ender med leik, nad, else, ing, skap og dom!

§ 11. Namnordi kløyver seg i 3 kyn: hankyn, hokyn og inkjekyn. Kyni kann ein kjenna paa kynsordi ein, ei og eit. Framfyre hankynsord høver det aa setja *ein*, fyre hokynsord *ei* og fyre inkjekynsord *eit*. Eks. ein bukk, ein blom (han), ei gjeit, ei stong (ho), eit lag, eit hopp (det).

Namnordi stend uvisst («ubestemt»), naar dei hev kynsord framfyre seg, men visst («bestemt»), naar dei hev kynsord i enden.

Eks. Kom med ein kniv og ei skaal og eit fat! Her nemnest ikkje, kva kniv, skaal og fat det skal vera. Meu heiter det: Kom med kniven, skaali og fatet! so er det ein viss kniv, ei viss skaal og eit visst fat.

Øv. 9. Skriv hankyningar med kynsord framfyre! Eks. ein hest, ein stein osv.

Øv. 10. Likeins hokyningar. Eks. ei bru.

Øv. 11. Likeins inkjekyningar. Eks. eit snøre.

§ 12. Namnordi hev 2 tal: 1. *eintal*, naar det berre nemnest ein t, d, ein stol, ei gryta, eit bord,



2. *fleirtal*, naar det nemnest meir en ein t. d. 2 stolar, 9 grytor, mange bord.

Fleirtal vert lagat: 1. ved aa leggja ar, er elder or (ur) til ordroti t. d. katt, kattar, gris, griser, sida, sidor. 2. ved umljod med elder utan tillegg i enden t. d. nagl, negler, barn, born, gaas, gjæser.

Eks. paa bøyging i kyn og tal.

		Eintal:		Fleirtal:	
		uvisst:	visst:	uvisst:	visst:
Hankyn:	Hankyn:	1. ein stav	staven	stavar	stavarne
		2. ein navar	navaren	navrar	navrarne
		3. ein time	timen	timar	timarne
		4. ein stad	staden	stader	staderne
		5. ein sekk	sekken	sekkjer	sekkjerne
		6. ein traad	traaden	træder	træderne
Hokyn:	Hokyn:	7. ei naal	naali	naaler	naalerna (a)*)
		8. ei bok	boki	bøker	bøkerne (a)*)
		9. ei greip	greipi	greipar	greiparne
		10. ei dyna	dyna	dynor	dynorna (a)*)
Inkjekyn:	Inkjekyn:	11. eit aar	aaret	aar	aari
		12. eit barn	barnet	born	borni
		13. eit eple	eplet	eple	epli
		14. eit auga	augat	augo(r)	augo(rne(a))

Som nr. 1 bøygest dei meste hankynsord.

Øv. 12. Bøyg som 1 desse ord: aas, baat, mur, sal, stol, stein, saum, heim, odd, foss, hest, arm, eld, kamb, knapp, topp, fugl, fisk, skog og dom! Eks. aas, aasen, fleire aasar, aasarne.

Øv. 13. Bøyg som 2: hamar, sumar, spegel, ongul og kongul!

Øv. 14. Bøyg som 3: hane, kjole, ende, sole, straale, laave, gneiste, skalle, bolle, nagle, stolpe, stabbe, kubbe, granne og namne!

\*) Istadenfyr -erne og -orne kann i hokyn setjast -erna og -orna, also naalerna, dynorna. Sume skriv u fyr o, also dynur istadenfyr dynor.

Øv. 15. Bøyg som 4: rett, lit, lut, brest, gjest, sed, sau, gris, støl, mun og vev!

Øv. 16. Bøyg som 5: øyk, veik, bekk, flekk, drykk, rykk, benk, hegg, klegg, legg, vegg, rygg, dreng, streng, veng og styng! (j etter k og g i flertal).

Øv. 17. Bøyg som 6: mann, son, fot, broder og bonde!  
Som 7 bøygjest dei meste hokynsord, som ender med medljod.

Øv. 18. Bøyg som 7: skaal, tid, bud, leid, snor, fil, bøn, von, ætt, lyst, urt, luft, ferd, stund, grend, bygd, sokn og segn!

Øv. 19. Bøyg som 8: bot, glod, klo, to, ku, mus, natt (el. nott), not, rot, skaak, skraa, taag, moder, dotter, tonn, fonn, hond (el. hand), vomb, rond (el. rand) og strond (el. strand)! aa gjeng yver til æ. Eks. ei taag, taagi, fleire tæger, tægerne.

Øv. 20. Bøyg som 9: erm, byrd, grind, kleiv, kvern, mjødm, myr, reim, røys, sin og spik!

Som 10 bøygjest alle hokynsord, som ender med sjølvjod og hev meir en ein stavelse.

Øv. 21. Bøyg som 10: visa, tunga, vogga, brekka, klokka, dokka, gaata, sida, baara, tuva, duva, kaapa, luka, hetta, kista, kyrkja, kjerra, hella, tavla, skreppa og klubba!

Dei meste inkjekynsord er like i eintal og fleirtal og bøygjest som 11 og 13!

Øv. 22. Bøyg som 11: hus, ljøs, bur, dyr, haar, bil, maal, tun, bein, brev, skip, reip, loft, ord, bord, berg og fjell!

Øv. 23. Bøyg som 13: sæte, lyte, møte, klæde, snøre, styre, kvile, bryne, høve, skifte, belte, minne, vitne og emne!

Øv. 24. Bøyg som 12: vatn, land, aks, plagg, skaft, band og lamb\*!)

Øv. 25. Bøyg som 14: øyra, nyra, hjarta, okla og nysta!

§ 13. Den form, namnordi mest alltid hev, kallast nemneform t. d. Norig. Stundom brukast eigeformi paa s t.d. Norigs soga. Her segjest soga aa høyra Norig til. Eigeform paa a og ar brukast i samansettingar t. d. aksla-bein, soknar-folk.

---

\*) Disse ord kann ogso bøygjast som 11.

§ 14. **Gjerningsord** (verber) segjer oss, kva folk elder ting gjerer, elder kva ein gjerer med dei, og kva tid det vert gjort. Eks. Olav spring; »spring« segjer, kva O. gjerer, og at han gjerer det no (notid). O. sprang; »sprang« segjer, kva O. gjorde fyrr elder daa (daatid).

Seg no, kva du og andre kann gjera! Les, skriva, rekna, hoppa, hogga, slaa, raka, sauma osv. Alle desse ord er gjerningsord. Seg det i notid og daatid t. d. Eg les; eg las. Eg skriv; eg skreiv osv.

Gjerning og tid vert ikkje alltid sagt med berre *eit* ord. Tidt tek eit gjerningsord eit annat gjerningsord med til hjelp (hjelpgjerningsord). Eks. Hunden skal skjotast; »skal skjotast« nemner ei gjerning, som *skal* gjerast (framtid); »skal« er hjelpegjerningsord.

### III. Den snaude setningi.

§ 15. Av namnord og gjerningsord kann ein laga setningar. Ei setning er eit samband av ord, som hjelper kvarandre til faa fram ei meining. Eks. Guten syng.

§ 16. I ei setning er der *segneled* (prædikant), som segjer nokot um *hovudleden* (subjekt). Segneleden er gjerningsord, som segjer, kva som skjer, og kva tid det skjer (sjaa § 14). Spyr ein so med kven elder kva fyre segneleden, får ein hovudleden til svar. Eks. Guten syng; syng er segneled. Kven syng? Guten; guten er hovudled. Hovudleden er namnord elder ord, som brukast som namnord.

h	s	h	s	h	s	h	s
Eks. Tor kjører. Finn gjeng. Eg vil rida. Du skal gaa.							
h	s	s	h	s	h	s	
Peter rodde. Kom hesten? Vil du rida?							

Øv. 26. Skriv no desse setningarne og set h yver hovudleden og s yver segneleden: Olav les. Einar las. Inga hev leset. Tora

skal lesa. Hans skriv. Anna reknar. Barnet græt. Fela læt. Vaaren er komen. Soli skin. Snøen lyt braana. Høna vil verpa. Hanen kann gala. Hunden laut gjøy. Kjem han? Vil du venta?

Øv. 27. Set hovudled til desse segneled: — gjeng. — ror. — kryp. — kraup. — flyg. — flaug. — ryk. — rauk. — skrik. — skreik. — naar. — naadde. — saar. — saadde. — hoppar. — hoppad. — søv. — sov. — hadde sovet. — vil sova. — kjem. — kom. — er komen. — var komen. — skal koma.

Øv. 28. Set segneled til desse hovudled: Mannen —. Kona —. Soli —. Maanen —. Vaaren —. Sumaren —. Hausten —. Vatnet —. Elden —. Baaten —. Hesten —. Kui —. Klokka —. Kyrkja —. Presten —.

Øv. 29. Skriv setningar og finn skjølv ud baade hovud- og segneled!

**§ 17.** Gjerningsordi: er, vert, heiter, kallast og nokre til tek ord av andre ordslag med seg i segneleden, Dei kallast usjølvstendige, og dei ord, dei tek med seg, kallast segneledsord (prædikatsord).

Segjer me t. d.: Jon vert —, so er dette meiningslaust; men segjer me t. d.: Jon vert skomakar, daa er det meinig.

Merk: I dei øvingarne, som kjem, lyt du setja høvelege nomn istadenfyr dei einskilde bokstavarne.

Øv. 30. Set segneledsord til i desse setn.: A. er —. B. var —. D. hev voret —. E. hadde voret —. F. skal vera —. G. skal hava voret —. H. vert —. I. vart —. J. hev vortet —. K. hadde vortet —. L. vil verta —. M. lyt verta —. Mannen heiter —. Kona heitte —. Barnet skal heita —. Fjelltoppen kallast —.

Øv. 31. Set usjølvstendige gjerningsord til her: F. — prest. N. — skulemeistar. O. — bonde. P. — smed. R. — gjætar. S. — budeigja. Gjenta — Ragnhild. Guten — Tor.

**§ 18.** Setningi kallast snaud, naar ho berre hev hovud- og segneled. Men ho kann veksa elder vidkast ut. Beggje led hev fyr det meste lag paa lag elder tillegg av andre ord omkring seg til nærmare opplysing.

## IV. Dei 2 usjølvstendige hovudordslag.

§ 19. **Lagord** (adjektiv) vert sette til namnordi og segjer, korleis det, som nemnest, er lagat.

Eks. Ein gild gut reid; gild er lagord; det er tillegg til hovudleden gut. Ein svart hest sprang. Korleis var hesten? svart (lagord, tillegg til hesten).

Lagordet kann: 1. staa fyre namnordet og er daa tillegg til namnordet t. d. hæv husbond. 2. vera segneledsord t. d. Husbonden er hæv.

Øv. 32. Set k yver kynsord, l yver lagord og n yver namnord i desse ordi: ein lang dal, ei stor elv, eit langt berg, ein varm dag, ei vaat vika, eitt vaatt aar, ein rask kar, ei ny trøya, eit nytt plagg, eit høgt fjell, eit varmt ver.

Øv. 33. Set lagord som segneledsord i desse setn.: T. er —. U. var —. V. hev voret —. Ø. hadde voret —. A. skal vera —. B. vil vera —. D. vert —. E. vart —. F. lyt verta —. G. maa verta —. H. kann verta —. I. laut verta —. K. hev vortet —. L. hadde vortet —. M. skal verta —.

§ 20. Lagordet bøygjer seg i kyn og tal etter det namnordet, som det stend til. I inkjekyn og uviss (sterk) form fær det *t* og i fleirtal *e* i enden. Eks. ein stor stut, ei stor ku, eit stort hus, store stutar, store(a) kyr, store(a) hus.

I den visse form fær lagordet *e* i enden. Dei visse kynsord aat lagordi er: den, det, dei. Eks. den store stuten, den store(a) kui, det store(a) huset, dei store stutarne, kyrna, husi. Fleire eks.

Eintal:			Fleirtal:			
	hankyn	hokyn	inkjekyn	hankyn	hokyn	inkjekyn
uviss form {	ein	ei	eit	rike	rike (a)	rike
	rik	rik	rikt	lagade	lagade (a)	lagade
	lagad	lagad	lagat	nye	nye (a)	nye
	ny	ny	nytt	opne	opne (a)	opne
	open	opi	opet			

Viss form	{	den	den	det	dei
		rike	rike (a)	rike (a)	rike
		lagade	lagade(a)	lagade(a)	lagade
		nye	nye (a)	nye (a)	nye
		opne	opne (a)	opne (a)	opne

Øv. 34. Skriv nokre namnord med lagord og kynsord fyre i uviss og viss form! Eks. ein ung son, den unge sonen, dei unge sønerne, ei vaksi dotter, den vaksne dotteri, dei vaksne døtterne, eit gult hus, det gule huset, dei gule husi osv.

§ 21. Mange lagord kann gradbøygjast. Den vanlege formi kallast grunnformi. Eks. Ulli er kvit. *Høgre* grad vert lagat ved -are (-re) i enden. Eks. Dugen er kvitare. *Høgste* gr. vert lagat ved -aste (-st) i enden. Eks. Snøen er kvitaste.

Øv. 35. Set 1 yver grunnformi, 2 yver høgre og 3 yver høgste grad i desse ordi: rik, rikare, rikaste, lett, lettare, lettaste, tru, truare, truaste, varleg, varlegare, varlegaste, ung, yngre, yngst, tung, tyngre, tyngst, lang, lengre, lengst, god, betre, best, gamall, eldre, eldst, open, opnare, opnaste.

Øv. 36. Nemn sjølv nokre lagord og gradbøyg dei!

Øv. 37. Likeins i setn. Eks. T. er stor. S. er større. L. er størst.

§ 22. **Medord** elder fylgjeord (adverb) fyl med elder er tillegg til ord, som ikkje er namnord. Eks. Alv skriv godt; godt segjer, korleis A. skriv; det er tillegg til skriv, altso medord. Per skriv svært godt; svært er tillegg til godt, altso medord. Otto er ein framifraa gild gut; framifraa er tillegg til gild, altso medord.

Daa baade lagord og medord er tilleggsord, kann mange ord gjera tenesta baade som lagord og medord. Eks. Huset er høgt (l.). Guten les høgt (m.). Bordet var langt. O. gjekk langt.

Medordi tarv inkje bøygja seg i kyn og tal; men mange bøygjer seg i grad. Eks. A. ventad lenge. B. ventad lenger. D. ventad lengst,

Alra mest fyl medordi med gjerningsordi. Dei gjev opplysing um mange ting som t. d. um *tid*: no, daa, tidt, stødt, snart, seint, fort osv. *stad*: her, der, att, fram, upp, ned, hit, dit, etter osv. *maate*: so, soleis, korleis, vondt, godt, høgt, laagt osv. *grunn og orsak*: difyre, altso, kvi, kvifyre osv. *motsett*: likavel, elles, dessforutan osv.

Øv. 38. Set medord til desse setn.: Soli skin —. Vinden blæs —. Fossen durar —. Maanen kom —. Ljoset lyste —. E. søv —. F. ris —. G. kjørde —. H. er — sterk. I. reid — fort. J. var — spræk.

Øv. 39. Skriv setn., som der er medord i!

## V. Ordslag, som gjer tenesta som namn- lag- og medord.

§ 23. Stadord elder varord (pronomen) stend istadenfyr namnord. Istadenfyr aa nemna namnet sitt segjer den talande *eg* (dette kallast 1ste person); den, han talar til (2dre personen), nemner han med *du*, og den, han talar um (3dje pers.), med *han*, *ho*, *den*, *det*. I fleirtal vert det heilt andre ord t. d. *me*, *de*, *dei*. Nokre hev eigeform t. d. *hans*, *hennar*; men elles vert dei ogso her til andre ord t. d. *min* *øyk*, *di* *ku*, *hatten* *din*, *huva* *di*, *eplet* *ditt*, *huset* *vaart*.

§ 24. Talord er i grunnen eit slags lagord, som me brukar, naar me reknar, og kan skrive med talteikn.

Talordi er:

1. *grunnatal*: ein (1), tvo (2), tri (3), fjore (fira), fem, seks, sjau (sju), aatta, nio, tio, elleve, tolv, trettan, fjortan, femtan, sekstan, sjautan, attan, nittan, tjugo (ein og tjugo, tvo og tjugo osv.); tretti, fyrsti, femti, seksti, sjauti, aatti, nitti; hundrad, tusund.

2. *ordenstal* (radtal): fyrste (1ste), andre (2dre), tredje (3dje), fjerde, femte, sette, sjaunde, aattande, niande, tiande, ellefte, tolvte, trettande, fjortande, femtande sekstende, sjautande, attande, nittande, ein og tjugande, trettiande, firtiande.

§ 25. Høveord (præpositionar) set underordnade ord i eit visst høve til yverordnade. Eks. Klokka paa veggen slo. Her er klokka yverord; »paa veggen« segjer berre, kor klokka er; »paa« er høveord. Eit namnord med høveord framfyre seg kallast utfylling (komplement) og kann vera tillegg til:

1. namnord og gjerer daa same tenesta som lagord.

Eks. Fjelli i Norig er høge (dei norske fjelli er høge).

2. gjerningsord og gjerer daa tenesta som medord.

Eks. O. rodde med kraft (kraftigt).

Høveord er: av, aat, etter, fraa, fyre (fyr), gjennom, kjaa, (hos), i, med, millom, mot, or, paa, til, um, ved, utan, yver, under.

Øv. 41. Set høveord i desse setn.: Me hev alle gjenget — barnaskoen. Eg frys — føterne. Katten sat — omnen. Kui stend — baasen. K. for — byen. L. kom — byen. M. ligg — sengi. N. set — stolen. O. kjem — morgon.

Øv. 42. Skriv setningar med utfyllingar!

## VI. Nokre ordslag byter tenesta.

§ 26. Namn- og stadord kann tena som lagord.

Eks. Norigs saga, d. e. den norske saga, kong Sverre, diktaren Vinje, dette landet, mitt maal, di ætt.

Lagord vert brukat som namnord.

Eks. Unge lyt ut (unge folk lyt ut).

Lagord gjeng lett yver til medord, og medord kann tena som lagord. Eks. eit godt barn. Barnet les godt. Huset *der* er kvitt (*der* tillegg til huset).



§ 27. Gjerningsord gjerer tenesta:

1. som namnord, naar dei stend i namneform (infinitiv). Eks. Aa syngja er morosamt. Kva er morosamt? aa syngja (hovudled); »aa« er namnemerkje (infinitivsmerkje).

2. som lagord, naar det stend i lagform (participium). Eks. ein *syngjande* gut, eit *sunget* vers.

§ 28. Me hev høyrte (i § 24), at namnord med høveord kann tena som medord. Eks. Tor bygde paa eit hus; »paa eit hus« er tillegg til »bygde« Men um me no tek burt høveordet, vert namnordet likavel tillegg til gjerningsordet. Eks. Tor bygde eit hus. Naar eit namnord utan høveord vert lagt til segneleden og gjev opplysing um, kva gjerningi gjeng ut paa elder er rettet i mot, vert det kallat *motled* (objekt). Motleden kann ein finna ved aa spyrja med *kva* fyre segne- og hovudled. Eks. Kva bygde T.? eit hus (motled).

§ 29. Ifall det namnordet, som vert lagt til gjerningsordet, gjev opplysning um, kven gjerningi vert gjort fyr, kallast det sideled (personsobjekt). Sideleden stend jamsides med motleden, og ein finn han ved aa spyrja med *kven* fyre segne-, hovud- og motled. Eks. T. bygde far sin eit hus. Kven bygde T. sit hus? far sin (sideled).

I fleirtal fær sideleden i sume bygder ei endeform paa -om (sideform, dativ). Eks. T. bygde foreldrom hus. Guten gav hestom høy. Same form vert det etter høveordi: av, aat, fraa, hjaa, mot, or. Eks. T. bygde hus aat foreldrom. Ifall der er tale um nokot, som vert verande paa same staden, brukast ogso sideformi etter: i, med, paa, ved, under, yver og etter, men ikkje um nokot, som rører seg. Eks. Dei sat i husom. Dei gjekk inn i husi. Men ein treng ikkje um aa bruka denne formi i skrift.

Øv. 43. Set motled i desse setn.: O. hogg —. P. kjøpte —. R. selde —. S. skaut —. T. skal kjøra . Mor hev bakat —. Gjenta hadde sopat —. V. skal setja —. U. vil saa —.

Øv. 44. Skriv set., som der er motled i!

Øv. 45. Set sideled i disse setn.: Høna gav — mat. Far kjøpte — ein kviv. Mor sende — eit skrin. U. loved — ei bok. V. hev gjort — ei fløyta. A. synte — vegen.

Øv. 46. Skriv setn. med baade mot- og sideled!

Naar stadord stend som mot- eller sideled etter høveord, fær mange av dei ei onnor form (motledsform). Eks. Jon gav meg ei bok. Eg les henne i dag. Han saag deg. Ho tok brevet med seg.

## VII. Ordslag, som ikkje er tillegg.

§ 30. Bindeord bind ihop ord og setningar. Dei er anten sideordnande eller underordnande.

Dei sideordnande er: og, baade — og, sovel — som; elder; korkje — elder; anten — elder; men; for.

Eks. A. og B. kom. Baade A. og B. kom. D. vil lesa elder skriva. E. vil korkje lesa elder skriva. F. vil gjera sovel det eine som det andre. Det er godt baade aust og vest; men endaa er heime best. Det er illt aa ertast med bjørnen, for han skynar ikkje skjemt. Ein skal føda seg, men ikkje gjøda seg.

Regel. Set semikolon elder midteikn (;) millom sideordnade setn., naar dei vert bundne ihop med *men*, og strik, naar andre bindeord bind dei ihop, og naar men bind ihop led.

Øv. 47. Skriv setningar med bindeord i!

Um dei underordnande bindeord sjaa § 39 og 42.

§ 31. Utropsord brukast i utrop.

Eks. Fy! Au! eg datt. Haa, haa! ligg du der? Aa, eg ser deg. Hei, upp med deg!

Regel. Som du ser, vert utropsord skilde fraa den setningi, som kjem etter, ved utropsteikn (!), utan naar

denne setning sjølv er eit utrop, som treng utropsteikn etter seg; i sofall brukar ein strik etter dei.

Utan aa vera tillegg til setningi stend:

1. ja, jau og nei. Eks. Ja, livet strøymer paa meg. Nei, visdomen maatte han finna i bok. Jau, det veit eg vel.
2. tiltaleord. Eks. Du gamle mor! du sliter arm. Etter slike tiltaleor brukar ein ogso utropstegn.

## VIII. Meir um stadord og gjerningsord.

§ 32. **Stadordi** kann ein dela i 6 slag:

1. Dei personlege stadord, som vert bøygde slik:

			hankyn hokyn inkjekyn				
		1ste per.	2den per.	3dje	person		
Eintal	{	nemneform:	eg	du	han	ho	det
		motledsform:	meg	deg	han (honom)	ho (henne)	det
		eigeform:	—	—	hans	<u>hennar</u>	<u>dess</u>
Fleirtal	{	nemneform:	me (vi)	de		dei	
		motledsform:	oss	dykk (dykker)		dei (deim)	
		eigeform:	(okkar)	dykkar		deira	

De, dykk og dykkar vert skrivne med stor bokstav, naar dei brukast istadenfyr du, deg og din.

Til personlege stadord kann ogso reknast:

1. det attervisande (refleksive) *seg*, som viser att paa hovudleden, so hovud- og motled vert det same. Eks. Han gav seg. Dei slo seg.
2. Kvarannan, fleirtal kvarandre, einannan.

Øv. 48. Skriv setningar med personlege stadord i!

2. Eigestadord vert bøygde som lagord; dei er:

	Eintal:			Fleirtal:		
hankyn	hokyn	inkjekyn	hankyn	hokyn	inkjekyn	
min	mi	mitt	mine	mine(a)	mine	
din	di	ditt	dine	dine(a)	dine	
sin	si	sitt	sine	sine(a)	sine	
vaar	vaar	vaart	vaare	vaare(a)	vaare	

Øv. 49. Skriv setningar med eigestadord i!

3. Peikestadord peiker liksom paa namnordi; dei er:

Eintal:			Fleirtal:		
hankyn	hokyn	lnkjekyn	hankyn	hokyn	lnkjekyn
den (dan)	den (dan)	det (dat)	dei	dei	dei
denne(a)	denne(a)	dette(a)	desse	desse(a)	desse
hin	hi	hitt	hine	hine(a)	hine

Øv. 50. Skriv setningar med peikestadord i!

4. Bindestadordet *som* bind ihop setningar. Eks. Her er det land, som huggar meg best.

5. Spyrjestadordi *kven* og *kva* (kva t) brukast i spursmaal; *kva* hev motledsformi *kvi*. Eks. Kven er det? Kva var det? Kvi gjorde han det?

Øv. 51. Skriv setningar med spyrjestadord i!

6. Uvisse (ubundne) stadord vert brukade, naar me ikkje kann elder ikkje vil visst nemna den el. det., me meinar. Dei er: a ubøygjelege: *ein* og *det*, upersonlegt. Eks. Ein skal fyrst ro fyre neste nes. Det blæs (ogso han blæs). b. bøygjelege:

Eintal:			Fleirtal:
hankyn	hokyn	lnkjekyn	
all	all	alt	alle(a)
annan	onnor	annat	andre(a)
annankvar	onnorkvar	annatkvart	—
einkvar	eikor	eitkvart	—
ingen	ingi	inkje	ingi
korgje	korgje	korkje	—
kvar	kvar (kor)	kvart	—
nokon	nokor	nokot	nokre(a)
sum	sum	sumt	sume(a)

Øv. 52. Skriv setningar med uvisse stadord i!

§ 33. Gjærningsordi segjest staa: 1. i gjereform (aktiv), naar hovudleden gjerer nokot. Eks. Eg hogg ved. 2. i lideform (passiv) naar nokot vert gjort med hovudleden. Eks. Veden vert hoggen. V. hoggest. Det spyrst. Formi med -st er elles attervisande (refleksiv). Eks. Han venst til; han vener seg til.

§ 34. Som segneled kann gjerningsordi staa paa:

1. forteljemaaten (indikativ). Eks. Han kjem.
2. bønemaaten (imperativ) Eks. Eintal: Kom no, gut!  
Fleirtal: Kome no, gutar!
3. ynskjemaaten (optativ). Eks. Kome ditt rike!

Elles kann gjerningsordi staa i: 4. namneform (sjaa § 27); *aa koma* og 5. lagform; komande gut (notid), komen gut (daatid). I daatid bøyggjer dei seg som lagord etter namnordi (sjaa § 20). Eks. ei komi gjenta, eit komet brev, komme brev, ein kastad vott, ei kastad kufta, eit kastat plagg, kastad(e) plogg; d og t fell burt i uttalen: ei kasta kufta, eit kasta plagg, burtkasta plogg.

§ 35. Kwart enkelt gjerningsord kann utsegja:

*notid*, d. e. det, ein gjerer no og ikkje er ferdig med.

Eks. Eg *syng*. (Kvadet vert sunget; kv. syngest).

*daatid*, d. e. det, ein gjorde daa og ikkje var ferdig med.

Eks. Eg *song*. (Kv. vart sunget; kv. songst).

Saman med hjelpejerningsord kann gjerningsordi utsegja:

*fyrenotid*, d. e. det, ein no er ferdig med.

Eks. eg hev sunget. Kvadet er sunget.

*fyredaatid*, d. e. det ein daa var ferdig med.

Eks. Eg hadde sunget. Kvadet var sunget.

*framtid*, d. e. ei komande tid, som ikkje nemnest endat.

Eks. Eg skal (vil) syngja. Kv. skal (vil) verta sunget.

*fyreframtid*, d. e. ei kommande tid, som nemnest endat.

Eks. Eg skal (vil) hava sunget. Kv. skal (vil) vera sunget.

Etter hjelpegjerningsordi *skulo* og *vilja* fær gjerningsordet namneform, etter *hava*, *vera* og *verta* fær dei lagform. Kjenner ein til, korleis eit ord skrivest i namne- og lagform og i notid.og daatid, er det lett aa kunna skriva alle dei samansette tiderne.

Bøygingi kallast:

1. *sterk*, naar ordet fær avljod i daatid. Eks. Eg frys (notid); eg fraus (daatid).

2. *linn*, naar ordet fær -de, -te el. -ad(e) i enden. Eks. Notid: Eg sel, set, sparar. Daatid: Eg selde, sette, sparad(e).

Eks. paa bøyging i dei einskilde hovudtider:

	Namneform:	Forteljemaate:		Lagform:
	notid	notid	daatid	daatid
a.	(aa) finna	(eg) finn	(eg) fann	(eg hev) funnet
b.	bresta	brest	brast	brostet
c.	sitja	sit	sat	setet
d.	bera	ber	bar	boret
e.	bita	bit	beit	bitet
f.	brjota	bryt	braut	brotet
g.	fara	fer	for	faret
h.	taka	tek	tok	teket
i.	slaa	slær	slo	sleget
j.	laata	læt	let	laatet
k.	telja	tel	talde	talt
l.	dylja	dyl	dulde	dult
m.	setja	set	sette	sett
n.	tru	trur	trudde	trudd(inkjek.trutt)
o.	rekkja	rekkjer	rakte	rakt
p.	kasta	kastar	kastad(e)	kastad (kastat)

Øv. 53. Bøyg som a.: spinna, vinna, klinga, springa, binda, vinda, brenna, renna og drikka! Eks. K. spinn. Ho spann. L. hev spunnet (namn- og stadord til hovudled).

Øv. 54. Bøyg som b.: detta, gletta, knetta, skvetta, sletta, smetta, svelta, velta, gjelda, fella, skrella, smella, svella, kverva, skjelva, verpa, gleppa, kveppa, skreppa, sleppa, kvikka, knesta og sprekka!

Øv. 55. Bøyg som c.: kveda, gjeva, lesa, drepa, kveka, leka, reka!

Øv. 56. Bøyg som d.: vera, skjera, stela, koma, sova!

Øv. 57. Bøyg som e.: lita, slita, glida, rida, lida, vrida, skrida, svida, risa, grina, skina, driva, kliva, riva, skriva, svira, triva, gripa, knipa, skrika, vika, svika, siga og stiga!

Øv. 58. Bøyg som f.: njota, fljota, gjota, ljota, skjota, trjota, bjoda, sjoda, frjosa, kjosa (velja), drjupa, krjupa, rjuka, fjuka, strjuka, ljuga, fljuga, smjuga, supa, suga, skuva og tyta!

Øv. 59. Bøyg som g.: ala, gala, mala, grava, skava!

Øv. 60. Bøyg som h.: aka, skaka, draga, gnaga, vega!

Øv. 61. Bøyg som i.: tvaá (vaska) og læ (lagform lætt)!

Øv. 62. Bøyg som j.: blaasa, graata, halda (lagf. haldet), hanga (lagf. hengt)!

Øv. 63. Bøyg: staa, veksa, faa og gaa!

Øv. 64. Bøyg som k.: krevja, kvetja, kveva, (kjøva), leggja, leppja, svelgja, temja, velja, venja!

Øv. 65. Bøyg som l.: börja (= bør, burde, burt), dynja, flysja, flytja, mylja, myrja, smyrja!

Øv. 66. Bøyg som m.: selja, skilja og steda!

Øv. 67.: Som n.: bu, fli, gaa, spaa, ro, gro, te (visa), naa, saa og traá!

Øv. 68. Som o.: tekkja, vekkja, segja og tegja!

Øv. 69. Som p.: hugsa, taka, baka, skaka, takka, hasta, kosta, svára, bora, mura, maala, kalla, rima, stava, hoppa og tala!

Eks. paa uregelret bøying: aa eta; eg et; eg aat; eg hev etet; søkkja, søkk, sokk, sokket; hava, hev(er), hadde, havt; vilja, vil, vilde, viljat; skulo, skal, skulde, skulat; kunna, kann, kunde, kunnat; eiga, eig, aatte, aatt; turva, tarv, turvte, turvt.

Eks. paa attervisande gjerningsord: aa finnast; det finnst; dei fannst; me hev funnest; trivast, trivst, treivst, trivist; dragast, dregst, drogst, dregest; spyrst, spurst, spurdest, spurst.

Fleirtal i notid og daatid er saagodtsom avlagd. Ein tarv ikkje skriva: me sjaa; me saago, men: me ser; me saag.

## IX. Mange slags setningar.

§ 36. Nokre setningar gjev full meining, um dei stend fyr seg sjølv. Desse sjølvstendige setningar kann delast i:

1. forteljesetningar: Eg høyrer gauken. Vaaren er komen.

2. Spyrjesetningar: Høyrer du gauken?

3. bønesetningar: Lat oss inkje forfederne gløyma!

4. ynskjesetningar: Lenge live gamle Norig!

Regel. Set utropsteikn etter bøne- og ynskjesetningar!

§ 37. Mange setningar gjev ikkje full meining aaleine, men stend berre som led i andre setningar. Dei kallast undersetningar, og dei setningarne, dei stend under, vert kallad hovudsetningar. Eks. Guten strauk av garde (hovudsetn.), daa aaret var umme (undersetn., tillegg til *strauk*). Millem hovud- og undersetningar lyt ein setja strik (.).

§ 38. Undersetningarne kan delast i:

1. namnsetningar (substantivsetn.), som gjerer same tenesta som namnord. Eks. Kui gløymer, at ho hev voret kalv (d. e. sit eget kalvaskap).

2. lagsetningar (adjektivsetn.), som gjerer same tenesta som lagord. Eks. Han tegjer, som mest veit (d. e. den visaste mannen tegjer).

3. medsetningar (adverbialsetn.), som gjerer same tenesta som medord. Eks. Kor ein kjem (allstad), snur dørstokken paa tvert.

§ 39. Namnsetningarne er:

1. forteljande, som vert bundne til hovudsetningarne med det underordnande bindeord *at*. Eks. Bukken veit at han hev horn.



2. *spyrjande*, som vert bundne til hovudsetningarne med bindeordet *um* og med *kven* og *kva* og andre spyrjeord. Eks. Eg skulde høyra, *um* skaapet var ferdigt. Katten *veit*, *kven* han kjæler med. Det synes paa gampen, *kva* foder han fær.

Namnsetningarne kann vere hovudled, motled osv. fyr hovudsetningarne. Eks. At eg kjem (hovudled), er visst (segneled). Tjuven trur, at kvar mann steler (motled). Mannen laut sjaa paa, at sekken datt i fossen (utfylling).

Øv. 70. Set namnsetn. til desse hovudsetn.: Eg *veit*, at —. Du saag, at —. Han sagde, at —. N. lovad, at —. O. visste, *kva* —. P. skulde spyrja, *um* —. R. *veit*, *kven* —. Gutten spurde, *kva* —. Mannen svarad, at —. Eg vilde berre høyra, *um* —. Du *veit* vel, *kven* —? Du kann vel skyna, at —?

Øv. 71. Skriv upp att øv. 70 og set namnsetn. fyre hovudsetn.!

Sume tider kann ein taka burt bindeordet *at*. Eks. Du *veit*, at soli er stor. Du *veit*, soli er stor.

Øv. 72. Tak vekk *at*, der det gjeng an i øv. 70!

§ 40. Naar ein tek vekk *at* og skriv endefram, som ein hev sagt elder tenkt aa segja, set ein peike-teikn (: kolon) etter sagde, spurde, ropad, tenkte, meinte osv., og fyre og etter dei ordi, som er hermde, set ein hermeteikn (» «).

Eg tenkte, at no skal dei koma. Eg tenkte: »No skal dei koma.« I formi er hermesetningarne sjølvstendige, endaa dei er motled til hovudsetningarne. Eks. Magnus Berrføtt sagde: »Kongar skal ein hava til æra og ikkje til eit langt liv.« Kva sagde M. B.? »Kongar skal ein osv.« (motled).

Kjem hermesetningarne fyre hovedsetn., set ein ikkje peiketeikn, men strik, spyrje- og utropsteikn.

Eks. »No skal dei koma,« tenkte eg. »Vil du hava liv og fred, Vagn?« spurde Haakon Jarl. »Det vil eg,« sagde Vagn, »ifall me alle fær det.« »Løys dei av reipet!« sagde Jarlen.

Øv. 73. Skriv hermesetningar (sjølvstendigtformade namnsetn.) til desse hovudsetn.: S. spurde: » — ?« T. svarad: —

V. meinte: — A. tenkte: — B. ropad: — Ordtøket segjer: — Herren spurde Kain: — Kain svarad: —

Øv. 74. Skriv upp att setn. i øv. 73 og set hermesetningarne fyre hovudsætn.!

§ 41. Lagsetningarne vert bundne til hovudsetningarne med bindestadordet *som*.

Eks. Han vasar mest, som veit minst. Den, som ikkje fær verma seg, (han) brenner seg ikkje helder. Den, som kjem sidst, han ser minst.

Naar lagsetningarne stend inn i millom hovudsetningarne, vert dei kallad millomsetningar.

Øv. 75. Set lagsetningar til desse hovudsetn.: E. talad med den guten, som —. Ein kann best finna det, som —. Det eplet, som —, var søtt. Den boki, som —, var god. Den pennen, som —, hev eg gjøymt.

Øv. 76. Skriv hovudsetningarne fullt ud i desse setn. Den, som er alle stader framme, —. Det, som ein ikkje kann bera, fær —. Den, som tek byrdi paa seg, —. Den steinen som ein ikkje kan bera, lyt —. Det, som Gud vil hava fram, kann —.

Bindestadordet *som* vert sume tider teket vekk.

Eks. Det, (som) ein ikkje kann naa, skal ein venda seg ifraa. »Dei fagraste borni, i skogen gjeng, er mine«, sagde myrsmipa.

Øv. 77. Tak burt *som* i dei setn., du hev skrivet, ifall det gjeng an, og skriv fleire lagsetn. utan *som*!

§ 42. Medsetningarne vert bundne til hovudsetningarne ved dei underordnande bindeord: daa, naar, fyrr(en), til, medan, strakst, der, sidan, utan, fyredi, avdi, etterdi, ifall, um, soframnt, endaa, som, liksom, som um, en osv. Dei gjev opplysing um tid, stad, maate, grunn osv. liksom medordi.

Eks. Det er seint aa stengja buret, naar fuglen er flogen (tid). Det er vondt aa vada, der ein ikkje ser botnen (stad).

Som kui gjeng fyre (maate), gjeng kalven etter. Dei sat lenge, fyredi dei var trøytt (grunn). Ein fær vel klave, ifall ein hev ku (vilkor). Di meir ein høyrer (grad), di meir ein gløymer.

Øv. 78. Set medsetningar til desse hovudsetn.: A. kjørde til byen, daa —. Han kjem ikkje att, fyrr —. Me skal læra, solenge —. Skulen sluttar, naar —. Me kom heim, tildess —. Dei tok til hogga, strakst —. B. kom for seint, fyredi —. D. stod tidi, avdi —. E. laut vera heime, etterdi —. F. vart glup til lesa, sidan —. Du kann ògso læra, ifall —. Du vert hæv, soframnt —. Me kjem nokk fram, um —. Det ryk ikkje, utan —. G. datt ikkje, endaa —.

Øv. 79. Set hovudsetningar til desse medsetn.: Naar vaaren kjem, vert —. So lenge me liver, —. Medan eg var i byen, —. Daa eg kom heim, —. Fyrr soli gjekk ned, —.

Naar medsetningarne kjem fyre hovudsetningarne, vert dei kallad fyresetningar.

Øv. 80. Skriv upp att setningarne i øv. 78 og set medsetn. fyre hovudsetn.!

I nokre medsetningar kann bindeordet takast vekk. Eks. Ifall alle tankar kom fram, fekk mange baade last og skam. Kom alle tankar fram, fekk osv. Var alle fuglar som hauken, fekk ingen høyra gauken.

§ 43. Tidt fær undersetningarne ogso setningar under seg, for ein kann binda i hop fleire setningar, so det vert ei lang kjeda.

Eks. Det er nokot, som ofta hender, at eit barn, som folk vyrder litet um, kann endaa taka seg so vel fram, naar det fær aari paa seg, at det kann verta folket sitt til langt større hugnad en andre, som gildare tyktest vera.

§ 44. Namn- og medsetningar kann ein stundom korta av og taka inn i hovudsetningarne. Eks. Eg ser, at dei kjem. Eg ser dei komande. Han fann dei, medan dei vakte (vakande).

§ 45. Tvo elder fleire setningar kann ein setja saman til ei setning, naar dei anten hev hovud- eller segneled ihop.

Eks. Sigurd Syr hadde graa hatt; han hadde blaa kjole; han hadde høge snøreskor. Ihopsett: S. S. hadde graa hatt, blaa kjole og høge snøreskor. Daa H. hadde leset ei stund, og I. hadde leset ei stund, fekk dei syngja. Daa H. og I. hadde leset ei stund, fekk dei syngja.

Øv. 81. Set ihop til ei setning: a) J. kann lesa. J. kann skriva. J. kann rekna. b) K. hev eple. L. hev eple. M. hev eple. c) Bjørnen er eit udyr. Skrubben er eit udyr. Gaupa er eit udyr. d) N. vil pløggja. N. vil horva. N. vil saa.

§ 46. Naar ein skal skriva det, ein veit, um ein ting, kann ein fyrst endefram, som ein talar, skriva det, som kjem i tankarne, og so etter paa avkorte det og setja det betre ihop.

Lat oss t. d. skriva um skaapet her i skulestova! Ser me paa det, vil slike setningar lett falla oss inn: Det er stort, skaapet i skulestova vaar. Det stend i ei hyrna. Det stend paa 4 bein. Desse er runde. Skaapet er av bjørk. Det er brunt. Det hev ei høg dør. Naar me let upp denne døri, ser me, at skaapet hev 3 rom. Dei er store. I det nedste romet er der blekkhus og taylor. Der er lesebøker i det andre. Der er ogso reknebøker og skrivebøker. Der er ei kula i det tridje romet. Ho er stor. Ho syner oss, korleis jordi er lagat. Der er ogso mange bilæte. Der Stend dyr og folk paa desse billæti.

Skulde ein skriva alle setningar so like kvarandre, vilde ein snart verta trøytt av aa lesaa. Avkortat og betre ihopsett vilde stykkjet um skaapet t. d. lyda soleis:

Det er stort, det brune bjørkeskaapet, som stend i ei hyrna i skulestova vaar med sine 4 runde bein. Naar ein let upp den høge døri, ser ein, at det hev 3 store rom. I det nedste er der blekkhus og taylor, i det andre lese-, skrive- og reknebøker og i det tridje ei stor kula, som syner oss, korleis jordi er lagat, og mange bilæte av dyr og folk.

Øv. Skriv setningar um: 82. Bordet. 83. Benken. 84. Stolen. 85. Omnen. 86. Huset. 87. Tre. 88. Eple. 89. Skog. 90. Blomar. 91. Bær. 92. Korn. 93. Bøker.

§ 47. Sosnart ein kann, skal ein gjeva setningarne den formi, ein vil dei skal hava, med same ein skriv dei fyrste gongen. Lat oss t. d. skriva setningar,

## Um husklokka.

Ho gjeng trutt, husklokka vaar. Aldri tarv ho kvila, for ho vert aldri trøyt. Men um eg no vilde spyrja deg: »Kva er det, som gjeng all dagen og ikkje kjem av flekken?» so veit eg, du vilde svara: »Det er klokka, det«. Ho gjeng, og ho gjeng og kjem ikkje av veggjen, der ho heng.

Pendulen gjerer eit stig fram og eit tilbake, og fyr kvart stig segjer han: »Tikk, takk, tikk, takk!« Soleis held han paa med aa svinga att og fram utan ro og rast.

Inn i sjølve klokka sviv hjuli rundt, og utanpaa talskiva fer visararne i ring. Dei gjeng ikkje, fyredi dei skal koma langt fram, men fyredi dei skal visa oss tidi.

Me kann ogsò høyra paa klokka, kva det lid, for ho slær, naar halve og heile timar er umme. Klokkeslagi minner oss um, at tidi gjeng fort, og at me maa bruka henne vel.

Øv. 94. Katten. 95. Hunden. 96. Hesten. 97. Kui. 98. Sauen. 99. Grisen. 100. Hanen og hona. 101. Gaasi. 102. Duva. 103. Svala. 104. Kraaka. 105. Fisk. 106. Høy og halm. 107. Skuleborni paa leikeplassen. 108. Vaaren. 109. Sumaren. 110. Hausten. 111. Vetren. 112. Jol. 113. Borni paa isen. 114. Borni renn paa kjelkar.

### § 48. Av skiljetekni lyt me enno nemna:

1. Tankestrik (—) vert brukat: a. naar der kjem nokot uventande elder nokot, som ein vil, folk skal gjeva serleg agt paa. Eks. Endeleg naadde eg toppen; eg snudde meg og saag meg um — berre skodda. b. naar nokot vert brotet av. Eks. Dei ropad og skreik og — c. i same tyding som

2. Klave el. parentes ( ). I klave set ein ord, som stend utanfyr setningsbyggnaden, men likavel skal gjeva opplysningar. Eks. Ho moster (so heitte ho yver heile bygdi) var liksom heime alle stader.
3. Sluttingsteikn (') vert hrukad, naar ein elder fleire bokstavar er burte. Eks. D' er ingen for stor til læra og lyda paa, korso dei gamle talar.

§ 49. Naar me skal læra skriva maalet vaart godt, maa me lesa i gode norske bøker og sjaa vel etter, korleis andre hev skrivet, og so maa me skriva upp eit og annat av det, me kann minnst og likar best.

Øv. 115. Les no denne saga, som etter kjem, 2—3 gonger. Tenk yver, korleis det bar til, og ifall du kjem til ord, som du ikkje hev skrivet fyrr, sjaa so vel etter, korleis dei er stavade! Legg so boki ifraa deg og seg (fortel) saga so greidt, at folk godt skal kunna skyna, kva du segjer, og hava hugna av aa høyra paa deg! Tak so pennen og skriv upp heile saga!

### Trumba og gjeitebukkarne.

Det var ein gong, han Store-Gunnar hadde kjøpt ein flokk me gjeitebukkar, og desse bukkarne dreiv han høgt upp i Helgefjellet til ei to, som dei kallar Taktói. Der er godt beite der uppe, og der trudde han, dei skulde verta svært feite. Ja, bukkarne hadde mat nokk; det var ikkje det, som felte. Graset gjekk til knes. Men daa det leid ut paa sumaren, lagde bjørnen seg aat dei.

Kva skulde han Gunnar daa gjera? Jau, han fann paa raad. Han strauk til byen og kjøpte seg ei trumba, og med denne gjekk han upp til bukkarne.

No er der bjørkeskog og mange store steinar og holor upp i Taktói, og nedanfyr toi gjeng der ein stupande bratt fjellvegg beint ned i Vinjavatnet. Han

Store-Gunnar meinte, bjørnen laag inn i ein heller, og so vilde han skræma han upp og faa han til taka ut yver fjellet. So tok han trumba og slo og dundrad alt det, han orkad. Men daa bukkarne høyrde det, tok dei til dansa, og dei gjorde so lange hopp i dansen, at dei etter den dagen aldri meir kunde bruka føterne sine. Den eine etter den andre sprang ut yver fjellet og lukt paa vatnet.

Kvar bamsen gjorde av seg, er der ingen, som veit. Ifall han hadde faret samme vegen som bukkarne, so hadde folk visst fenget spurt det,

Øvingar. Gjer likeins med sogor (forteljingar) og æventyr, som stend i andre bøker! Høvelege stykkje finn du i desse bøker: 1) Den fyrste bok aat barnet: nr. 19, 21, 22, 24, 26, 27, 29, 32, 33, 35, 37, 39, 41, 43, 47, 49, 53, 55 og 61. 2) Norsk lesebok ved Hægstad og Bach: nr. 2, 5, 7, 9—11, 13, 20, 24, 27, 29—32, 34, 40, 42, 44, 45, 49, 51, 61—64, 77, 80 og fleire, 3, lesebok fyr born av Austlid: æventyri fraa sida 135 til 210.

Øv. Gjer likeins med stykkje um ferder og land og folk osv. som t. d. um

## 116. Vaarstigen.

Soli kom ned etter liderne, daa eg gjekk fraa Kongsvoll ned igjenom Drivdalen, som er den tronge og djupe og bratte inngang til Trøndelagen. Det er ein dal so vill, at her ikkje er mange slike i landet; men den vesle jord, som heng inn i bergi, er god, so der er grønt og godt gjeitebeite. Soli radde seg ned etter og merkte av so svarte skuggar paa den grøne grunnen, at det var, som fjelltopparne skulde koma livslivande nedigjenom liderne svarte og glidande paa ein grøn stol, kantad med gull. Driva gjekk kvit og rauk i dei smaae fossar, der var. Bekkjerne hekk som

kvite band ned etter bergi. Morgonvinden kom liksom ifraa Snøhetta og nedigjenom denne glupen.

Øv. I den fyrste bok aat barnet: nr. 44, 46, 52, 58 og

63. »Ymse stykkje« i Lesebok fyr barn.

Øv. 117. Skriv sogor, som du hev høyrst, men ikkje lesst!

Øv. Skriv um ferder, som du sjølv hev gjort, og eit og annat merkjelegt, som du hev upplivt elder set og høyrst t. d.

118. Ei kyrkeferd. 119. Ei byferd. 120. Ein fisketur.

121. Ei stølsferd. 122. I ei likferd. 123. I eit brudlaup.

124. Ein kveld paa isen.

§ 50. Naar du skal skrive brev, tenk so yver, kva du vilde have sagt den, du skriv til, ifall du hadde møtt han. Med det finn du ut innhaldet av brevet. I brev til vener og skyldfolk skriv me um, korleis me liver, kva me les, tenkjer og gjerer, og kva som hender. Slike brev tek t. d. til med »Gode ven!« »Kjære mor!« osv. og ender med helsing.

Brev til andre lyt vera so korte som moglegt og handla um det ærindet, me hev. Dei kann t. d. byrja med »Hr. lensmann Lund!« »Hæve husbonde!« »Ærade lærarinna!« osv. og enda med »Vyrdnadsfullt« »Med vyrdnad« osv.

Øv. 125. Skriv dette brevet paa postpapir! Lat dagsetningi staa til høgre paa yvste radi og sjølje brevet byrja paa 4de radi! Paa vinstre sida lyt der vera ein rein (uskriven) kant, og namnet under brevet skal staa til høgre.

Kvam den 20de januar 1891.

Kjære systkindbarn!

Takk fyr brevet ditt! Eg fekk det med kyrkja um sundagen, og fegen var eg, daa eg saag, kven det



var fraa. Endaa fegnare vart eg, daa eg las det og fekk høyra, at du liver vel.

Heime hjaa oss liver me ogso vel. Men alt er annarleis no, en daa du var hjaa oss i summer. Paa vatnet, der me rodde og siglad, kann me no renna paa skjeisor, og istadenfyr grøne og blømande engjer er det no drivande kvitt i alle bakkar. Men snøen er baade til gagn og gleda. No gjeng det lett aa kjøra timber og ved yver den myri, som me hentad moltor paa, og du kann tru, det er morosamt aa staa paa ski i Lauv-bakkarne, der det i summer var so mykje blaabær. Me hev lagat til eit hopp. Den fyrste gongen, eg rann ut yver dette hoppet, datt eg og vart liggjande i snøen; men no stend eg, som det var ingen ting. Eg skulde berre ynsskja, du var her, so skulde du sjaa, og so skulde du ogso prøva, kva du sjølv dur til.

Elles gjeng eg kvar annan dag paa skulen, og det likar eg svært godt, for me fær høyra so mange forvitnelege ting og læra so mykje.

Lat det no ikkje vera for lenge, fyrr eg fær nokre ord fraa deg att, og ver med dette venlegt helsat fraa

din

Harald Vang.

Øvingar. Gjer likeins med desse brev:

Espeland, 4de juni 1891.

Gode Ragna Grøndal!

Daa eg veit, du likar fagre blommar, sender eg deg paa denne minnerike 20-aarsdagen din med desse raderne

ein blømande dusk, som er plukkad i hagen vaar, med same eg inderlig ynskjer, at der aldri maatte trjota blomar og rosor paa livsvegen din. Eg vonar, at denne dusken vil minna deg um

di  
Signe Gran.

127. Hr. kjøpmann K. Werner,  
Kristiania.

Til Tomter stoppestad, Smaalensbanen, bed eg Dykk  
aa senda:

1 hl. spansk salt,  
10 l. bergsalt,  
5 kg. kaffi  
og 1 topp kvitt sukker til 6 kg.

Paa millomrekningi vaar sender eg hermed 50 —  
femti — kr.

Heimdal, 15de juli 1891.

Med vyrdnad  
Dykkar  
Erling Voll.

128. Til  
posthuset i Nes.

Hermed tingar eg bladet »Sysvorti« og legg inn  
i 1 kr. fyr aaret 1891.

Solheim, 19de desember 1890.

Vyrdnadsfullt  
Inga Blomhom.

Øvingar. Set no sjølv ihop brev til vener og kjenningar og  
til slike, som ein kann hava ærind til!



Det vert fleire og fleire til aa skriva fyr norske born no. No kjem ogso Jonas Vellesen med ei gild liti bok. — Eg totte nog, at Austlids stavebok var so god og greid, at me turfte ikkje hava fleire enno. Men Austlids stavebok vart nog lagad um etter ljod- og skrivelesemetoden av domsnevndi, ikkje av Austlid fraa fyrst av. Der er daa kannskje ymest, som ikkje høver heilt med metoden. Mange ord er stavad annorleides i fyrste en i siste deilen, men etter skrivemetoden skal borni læra skriva ordi med det same, dei lærer lesa deim. Du kann daa aldri læra ein fast skrivemaate, naar du snart skal skriva ordi so og snart so. I Vellesens stavebok er ordi skrivne paa same maaten heile vegen. Boki skil seg elles fraa alle andre stavebøker i Noreg, med di at bokstavarne fraa fyrst av ikkje berre er skipad etter ljoden deira, men ogsaa ettersom dei fell lettaste aa læra skriva. Det er ikkje faa bilæte. Borni vil hava hugna av aa lesa baade denne og Austlids stavebok. Etter mi meining er detta dei beste stavebøker, som enno er prentad her i landet.

»Sysvorti.«

»Det er ei gild og god bok, livande og morosam. — — — so er det no so daa, at den ungen, som hev lært aa lesa Vellesens bok godt, han les kann henda betre en den, som hev lese ut Austlid si.«

»Nordmannen.«

»For børn paa landet er Jonas Vellesens »Den fyrste bok aat barnet« særdeles god. Planen for denne lille bog er ny og meget praktisk. Ved hjælp af denne ABC vil børn faa lyst til at læse. Og naar de har lyst til at læse, vil de lære med lethed, — mere end dobbelt saa fort som med de andre nævnte ABC-er. Vellesens bog er ogsaa prydet med vakre billeder, de vil i stort mon oplyse barnet om, hvad det læser og saaledes bane veien for det næste vanskeligere trin.

Giv barnet hr. Vellesens ABC. Da vil læsningen blive mere en morsom leg end et trættende arbejde.«

Hally. Bergh i »Posten«.

»Bogen er smukt udstyret og indholdet i det hele heldigt.«

»Verdens Gang.«

»Denne ABC-bog gjør indtryk af at være et dygtigt arbeide. Forfatteren har sat sig til opgave at levere en interessant og tiltrækkende læsning for børn og at gjøre det hele strengt metodisk, og vi tror, han har løst sin opgave paa en heldig maade. Fra det letteste i begyndelsen gaaes trinvis fremover. Læsestykkerne forekommer os ogsaa at være velvalgte. Bogen har 45 billeder ogsaa meget gode.«

»Dalernes Tidende.«

»Sproglære med mundtlige og skriftlige øvelser for folkeskolen af Jonas Velleesen.«

»Bogen er særdeles god og praktisk. Fremstillingen er klar og grei. Definitionerne er tildels originale, men træffende og letforstaaelige. Bogen er forsynet med en stor mængde eksempler og opgaver til øvelse, hvilket synes at være baade praktiske og i enhver henseende velvalgte.«

»Vestlandsposten.«

»De skriftlige øvelser, som han vil skal ledsage den mundtlige undervisning, finder vi særdeles anbefalelsesværdige, ligesaa det »fingerpeg« til skriftlige opgaver« — og tillægget om bygde-maalet, som findes i slutningen af bogen. Dette tyder paa, at vi kan vente os adskilligt godt af det i forfatterens forord omtalte arbeide, som han senere vil udgive.«

»Norsk skoletidende.«

»Det, som gjer denne maallæra bedre til sit bruk en dei fleste andre maallæror, det er, at der er brukat norske namn paa ordslag og setningsled og ordformer meir en vanlegt. Og so er der mange greide oppgavor til bruk for lærerar og skuleborn.«

»Det er en meget god  
Den har vundet anerkjende  
det.«

Depotbiblioteket



77sd 49 485

